



Arve Skjellanger

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1280 - 14/5418

Saksbehandlar:

Silje Vikøren Palmesen

silje.vikoren.palmesen@radoy.kommune.no

Dato:

20.05.2014

Referat frå møte i skulemiljøutvalet 13.mai 2014

Tilstade: Margrethe Kalsås, Arve Skjellanger, Inger Morken Ellingsen, Kenneth Murberg, Ingrid Bø Marøy, Astrid Myrtveit, Marius Hopland

Sak 1: Trafikksikringsplanen

Alle heimar hadde fått info om at trafikksikringsplanen var ute til høyring med høve til å koma med innspel til FAU-leiar før møtet i SMU. Planen var også lagt ut på Manger skule si heimeside.

Mange viktige punkt er alt nemnd i planen. På møtet vart punkta nedanfor særskild omtala:

Langhøyane på Manger: her er det litt tilfeldig kvar ein går over/spring over vegen. Mange born går her til/frå skulen og til/frå ulike fritidsaktivitetar. Trengs fortau eller fartsdumpar.

Hellandskrysset står på 6. prioritet. Ynskjer høgare prioritet.

Gang- og sykkelvei sentrum-Solend. Birkeland-Helland + veglys.

Utbetring av tilhøva kring avlevering og henting av skuleborn ved Manger skule – mange farlege situasjonar gjennom året, særleg om vinteren når det er mørkt og glatt.

Utbetring av parkeringstilhøva for personalet, foreldre og andre besøkjande. Kan ein få vekk og planera ut litt i sør-austre delen av myra ved skulen si innkøyrsløp? Kva med myra på andre sida av vegen?

Gjerde mellom skuletomten og hovudvegen (sør for rundkøyringa). Mange både born og vaksne nyttar ein snarveg frå rundkøyringa istadenfor å bruka gangfeltet litt lenger nede – farlege situasjonar oppstår trass brev til heimane og samtalar i klassane.

Førebygging: politiet har i alle år bortsett frå 2013 delteke på skulen sin sykkeldag. Me har fått signal på at dette har dei ikkje kapasitet til lenger. (På skulen sin sykkeldag like etter dette møtet møtte dei likevel opp saman med representant frå Trygg Trafikk og Brannvernet, så det kan henda det ordnar seg likevel). Skulen vil følgja dette opp i åra framover.

Viser for øvrig til hovudmålet i planen på s. 11: Skuleborna skal ha trafiksikre skuleveggar på Radøy.

Sak 2: Orientering om rekneskap 2013/budsjett 2014

Skulen/SFO gjekk med overskot i 2013, og me fekk 67.000 sett inn på fond. Desse pengane vil bruka til diverse elevrelaterte innkjøp; bl.a. naturfagutstyr.

Det er nedskjeringar overalt i Radøy kommune på skulane, primært på lærartimar/assistenttimar. Grunna auke i elevtalet til hausten, er tildelt timetal likevel på nivå med årets rammetimetalstildeling. Elevar med særskilde behov vil få omlag det sakkunnig tilråding frå PPT seier. Det er så langt ingen nedskjeringar på elevrelaterte poster som innkjøp av lærebøker, læremidlar og undervisningsutstyr, formingsmatr osv. SFO budsjettet ser bra ut, med 49 påmelde born. Det vil vera god bemanning (6 vaksne og 1 læring). Det er likevel slik at alle SFO-ar i Radøy skal sjåast under eitt i høve økonomi.

Sak 3: 17. mai

Litt info frå dei 2 foreldra i FAU om arbeidet kring 17.mai arrangementet. Har vore ein del utfordringar i høve foreldredugnad. Arbeidskrevjande for FAU å ha heile arrangementet, Vert å evaluera etter den 17.

Orienteringar frå rektor: om leksehjelp, SFO, rettleiarkorps, ekstern vurdering.

Ref.

Inger Morken Ellingsen

Med helsing

Silje Vikøren Palmesen
sekretær Manger skule

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helge Vallestad

Mottakere:

Arve Skjellanger
Astrid Myrtveit
Espen Fanebust Lilletveit
Helga Vetås
Ingrid Bø Marøy
Kenneth Murberg
Margrethe Kalsås
Marius Hopland
Marte Ulvatn
Målfrid Marøy
Oddbjørg Dalland